

Kjersti Isdal  
Isdal 85  
5916 Isdalstø

Alver kommune  
Plan v/ Arealforvaltning  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Isdalstø, 07.12.2022

## **Merknad til Plan v/ Arealforvaltning, sak 21/4903 - Detaljreguleringsplan for Lonena aust**

### **Lokale stadnamn**

Det er viktig at lokale stadnamn blir ivareteke når ein bygger ut bustadfelt i Knarvik. Området som no skal byggast ut er opprinneleg del av Isdalgardane si utmark, og her finst ei rekkje stadnamn.

Åsryggen som ligg aust for Lonena heiter frå gamalt av Lonhaugen, som er lokal uttale. Dette er åsen der den omtalte «Pensjoniststien» går over. Namnet kan dokumenterast gjennom stadnamnoppgåve med Lonhaugen (Isdal, 1991), og gjennom rettsprotokoll i samband med utskiftning av utmark mellom Isdal og Ytre Gjervik (1906), her er skrivemåten Lonehaugen. Sjå vedlegg. Lonhaugen er nærast lokal uttale. Det skal ikkje vere nokon «s» i namnet.

I planen er det lagt inn namnet «Lonstoppen», der det heiter Lonhaugen. Dette bør endrast.

Mvh

Kjersti Isdal

e-post: [kisdal@hotmail.com](mailto:kisdal@hotmail.com)

tlf: 97129193

Vedlegg:

1. Isdal, Kjersti. Stedsnavn på Isdal, 1991.
2. 185.1\_1906\_Isdal\_Gjervik Utmark\_rettsprotokoll (inkl utsnitt og kart)